

---

**Saksnr:** 2020/36709-20  
**Saksbehandlar** Torill Klinker  
**Dato:** 19.01.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsle og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for samferdsle og mobilitet

---

## Evaluering av nye bomstasjonar i Bergen

Den 6. april 2019 vart 15 nye bomstasjonar sett i drift i Bergen, i tillegg til dei eksisterande 14 bomstasjonane. Dei nye stasjonane skulle sikra tilstrekkeleg auka finansiering for investeringstiltak i byvekstvtalen, at bompengebetalinga vart fordelt på eit større antal trafikantar, samt at dei skulle bidra til å nå nullvekstmålet for personbiltrafikken. Ved at fleire skulle bidra til finansieringa, ville systemet bli oppfatta som meir rettferdig.

Plasseringa av dei nye bomstasjonane førte til stor debatt. Bystyret presiserte ved behandlinga i 2017 at ved plasseringa av dei nye bomstasjonane må det takast omsyn til lokalmiljøet med faktorar som skulekrinsar, barnehagar, lokale fritidsaktivitetar og andre tenester, samt at det bør vera ein god balanse med omsyn til geografisk økonomisk fordeling relatert til dei vegstrekningar og/eller kollektivtilbod som skal byggast.

Bystyret bad også om ei evaluering av dei nye bomstasjonane eitt år etter opninga. Slik evaluering skal mellom anna nyttast til å vurdere eventuell behov for flytting av einskildstasjonar, dersom det vert identifisert alternativ plassering som vil ha mindre ulemper for lokalmiljø og samstundes verkar etter intensjonane med omsyn til trafikkregulering og inntekter.

Vedlagt finn de evalueringsrapporten.